



Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Høyringsfråsegn til NOU 2016:25 Organisering og styring av spesialisthelsetjenesten

Vi viser til avtale om forlenga høyringsfrist for NOU 2016:25, og legg her ved våre merknader.

Generelt

Kvaliteten på helsetilbodet i Noreg er generelt godt, og på mange område har det vore ei gradvis forbetring over tid. Det er gjennomført ei rekkje evalueringar av helseføretaksmodellen, og resultatata frå desse evalueringane er gjennomgåande gode.

God og effektiv sjukehusdrift føreset at leiinga har tilstrekkeleg mynde og handlingsrom, og lokal leiing er viktig for å ivareta og utvikle gode og trygge helsetenester tilpassa lokale geografiske og demografiske tilhøve. Vi meiner det innanfor dagens helseføretaksmodell finst gode høve til å ivareta og vidareutvikle spesialisthelsetenesta og samhandlinga med kommunar og fastlegar.

Vi rår difor til at dagens organisasjonsform vert vidareført og vidareutvikla

Organisasjonsform: Vidareutvikling av dagens modell

I mandatet for NOU 2016:25 er utvalet bede om å vurdere tre alternative organisasjonsmodellar, som alle inneber ei avvikling av dagens regionale helseføretaksmodell. Det er i NOU-en også gjort greie for ein fjerde modell, der helseføretaka ikkje lenger er eigne rettssubjekt, men direkte underlagt regionale helseføretak.

Vi viser her til høyringsfråsegna frå [Helse Førde HF](#), og seier oss samde i Helse Førde HF sine vurderingar av dei skisserte alternativa til dagens helseføretaksmodell. Innanfor dagens organisering finst det gode høve til både å vidareutvikle spesialisthelsetenesta, og ivareta og utvikle samhandlinga med kommunar og fastlegar. Vi rår difor til at dagens organisasjonsform vert vidareført og vidareutvikla.

Andre merknader

Vi viser igjen til høyringsfråsegna frå Helse Førde HF, og er samde i Helse Førde HF si tilråding av ein revidert inntektsmodell som i større grad tek høgde for særskilte utfordringar for helseføretak som dekkjer store geografiske område/spreidd busetnad med utfordrande topografi og vêrtilhøve.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Per Stensland
fylkeslege

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.